

Vedlegg 1

Oversikt relevant lovverk

Brann- og eksplosjonsvernloven (14.06.2002) med tilhøyrande forskrifter skal sikre liv, helse, miljø og materielle verdiar ved brann og eksplosjon, mellom anna tilstrekkeleg sløkkevatn og vatn til sprinklaranlegg.

- [§9](#) set krav til at kommunen skal gjennomføra ei risiko- og sårbarheitsanalyse slik at brannvesenet vert best mogleg tilpassa oppgåvene dei vert stilte overfor. Dette inneber at kommunen må kartleggja tilgjengeleg sløkkevassmengd i vassforsyningsnettet.
- [Forskrift om brannførebygging §21](#) gir kommunen eit ansvar for å «sørgja for at den kommunale vassforsyninga fram til tomtegrenser i tettbygde strok er tilstrekkeleg til å dekkja brannvesenet sitt behov for sløkkevatn». Den vanlege fortolkinga av dette er at kommunen skal sjå til at tilstrekkeleg sløkkevatn er tilgjengeleg før det vert gitt byggjetillating, og at utbyggjar i utgangspunktet skal ta kostnaden for ev. utbetring. Vidare går det fram at «i bustadområde og liknande der spreingsfaren er liten, er det tilstrekkeleg at brannvesenet disponerer ein passande brannbil.»
- Plan- og bygningsloven () med tilhøyrande forskrifter

I [rettleiaren til Byggteknisk forskrift \(TEK17\) §11-17 2. ledd](#) vert følgjande preaksepterte ytingar for vassforsyning skildra:

- Brannkum/hydrant må plasserast innanfor 25-50 m frå hovudangrepsveg.
- Det må vera tilstrekkeleg tal på brannkummar/hydrantar slik at alle delar av byggverket vert dekt.
- Sløkkevasskapasiteten må vera.
 - o Minst 20 l/s i «småhusbebyggelse
 - o Minst 50 l/s, fordelt på minst to uttak, i «annan bebyggelse»
- Opne kjelder må ha kapasitet for minst 1 times tapping.

Det skal ikkje reknast med samstundes uttak av vatn til brannvesen og sprinklar-/automatisk sløkkeanlegg: Det største behovet vil vera førande for prosjekteringa. Sløkkevatn skal vera lett tilgjengeleg uavhengig av årstid.

Matloven (19.12.2003) skal sikre helsemessig trygge næringsmidlar og fremme helse, kvalitet og forbrukarinteresser langs heile produksjonskjeda, samt ivareta miljøvenleg produksjon. Med denne lova vart tilsynet til drikkevatn overført frå dei tidlegare interkommunale næringsmiddeltilsyna til eitt statleg Mattilsyn som berre skal drive med tilsyn. Laboratedelen av dei interkommunale næringsmiddeltilsyna vart ikkje med over i det nye Mattilsynet, og mange av laboratoria er i dag privatisert.

Vass- og avløpsanleggslova (16.03.2012) har til føremål å sikre kommunane ei finansieringsordning slik at oppgåvene kan løysast på ein god måte. Sentrale punkt i dette regelverket er sjølvkostprinsippet og prinsippet om betaling etter forbruk.

Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressursloven, 2000-11-24) omhandlar mellom anna eigdomsrett til vatn, rett til utnytting og reglar om tiltak, samt sikring av

nedslagsfelt i vassdrag. Lova sikrar óg krava knytt til demningar gjennom Damsikkerhetsforskriften og IK Vassdrag

Helseberedskapsloven (2000-06-23), omhandlar vern av befolkningas liv og helse og bidreg til naudsynt helsehjelp, helse- og omsorgstenester og sosiale tenester kan tilbys befolkning i krig og ved kriser og katastrofar i fredstid.

I tillegg gjeld følgjande forskrifter:

- Forskrift om beredskapsplanlegging og beredskapsarbeid (23.07.2001)
- Internkontrollforskriften (06.12.1996)
- Forskrift for vass og avløpsgebyr, Sogndal kommune, Vestland.

Som retningslinjer og avtaleverk, men ikkje lovheimlar, er fylgjande regelverk brukt i samband med vassforsyning:

- **Standard abonnementsvilkår for vann og avløp (KS)** skildrar avtalevilkåra ein abonnent aksepterer ved tilknytning til offentleg vassverk. Vilkåra er delt i to deler: Administrative og Tekniske vilkår. Begge er heimla i Forskrift for vass og avløpsgebyr, Sogndal kommune, Vestland.
- **VA-miljøblad (NorVA/NKF)** er bransjestandarden for planlegging, dimensjonering, utføring og drifting av VA-anlegg i Noreg. Systemet er planlagt utfasa og erstatta med Norsk Vannstandard, men gjeld per dato.
- **VA-norm for indre Sogn** er eit interkommunalt samarbeid der kommunane i området har gått saman om ein standard på utføring av kommunale anlegg. VA-ansvarleg i kommunane nyttar denne til å kvalitetssikre eksisterande anlegg eller anlegg som er planlagt overteke av kommunen.

Mynde knytt til lovverket er Mattilsynet, fordelt frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Miljøverndirektoratet forvaltar forskrift om vass- og avløpsgebyr